



Jens Grønlund, Erik Christensen, Morten Jensen og Jesper Østergaard.

Verres fotspor

Ø

me kom ned til Flåm camping etter seks dagar, vedgår turleiaren, som hadde lokka med seg ein fast gjeng på sju som han har vore på turar med tidlegare.

Lyste etter følgje

Norske Anita Kjelstrup (36) frå Bergen fann han då han lyste etter norsk turfølgje via Fjellforum.

– Eg ville gjerne ha med nokre nordmenn, det er jo dykkar land, me er berre gjester. Men det var berre Anita som tok utfordringa.

– Eg pleier å ha ein vekestur kvar sommar, men hadde ikkje lagt planar for i år. Så då eg kom over den annonsen, kasta eg meg ut i det, seier ho.

Minne for livet

Litt nervøs for å reisa saman med ein så godt etablert gjeng, men det viste seg å vera heilt utan grunn.

– Veldig kjekke folk er det, så eg angrar i alle fall ikkje. Dette blir eit minne for livet – sjølv om det har vore temmeleg slitsamt, seier ho.

Trass i at turen til sist ikkje var heilt den dei starta på, er dei alle samde om at den uansett var ein fin tur.

Ein temmeleg strabasjos, slitsam og vanskeleg – men også vill og fantastisk tur der målet om å sjå og oppleve den norske naturen i alle fall vart nådd med god margin.

– Eg har gått i Spania og i Skottland, men her har ein liksom alt på ein gong. Det er utruleg så flott det er, seier Jaques Giardano (34), som har dokumentert reisa med over 1000 bilete.

Ingen av dei er bleike for å prøva seg på noko liknande seinare.

Nye planar

– No skal me heim og slappa av, men eg ser ikkje vekk frå at me kan komma attende og gjera heile Jotunheimen med Glittertind og Svartisen og Fanaraaken og Spiterstulen og alt sånt. Men det blir utan ryggsekk og telt og alt sånt, då går me frå hytte til hytte, slår Jens fast.

At ingen dansk bajar aldri nokon gong har smakt så godt som ølet på Ægir denne fredagskvelden, er for øvrig heva over tvil.

Hanne Stedje
og Maria G. Svedal
hanne@sognavis.no



STOGGA AV SNØ:
– Det var i hovudsak all snøen som sjenerte oss under turen og gjorde at me måtte leggja om ruta, fortel reiseleiar Jens Grønlund, heilt til venstre. (Alle foto: Jaques Giordano)




I SKODDE-HEIMEN:
På Grindaflethytta vart det ein kviledag for Erik Christensen (t.v.), Morten Jensen og dei andre, ettersom skodda låg tjukk og det var lite gunstig å leggja ut på langtur.



MINNE FOR LIVET: – Det var temmeleg slitsamt, men eg angrar i alle fall ikkje. Dette blir eit minne for livet, seier norske Anita Kjelstrup frå Bergen.



NORSKE VANAR:
Reiseleiar Jens Grønlund fann styrke i turklassikaren knekkebrød med brunost. Elles var følgjet utstyrt med proviant og prøvde dessutan fiskelukka undervegs for å skaffa mat.



STOR-SLEGEN:
Den norske naturen leverte i alle fall, både på godt og vondt under den seks dagar lange turen.